



## DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/5265-259	2. august 2017

### **Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman**

Vi viser til brev 31.05.2017 med søknad om tilskot til infrastrukturtiltak i samband med kommunereforma. Departementet har handsama søknaden og vedteke å tildele kommunane Lindås, Radøy og Meland 3 mill. kroner i 2017.

Departementet kunngjorde i april 2017 ei tilskotsordning til etablering eller forbetring av vegar og digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Ordninga skal leggje til rette for og forsterke effekten av ein ny og meir føremålstenleg kommunestruktur. Det er sett av 150 mill. kroner til tilskotet i 2017. Maksimal sum for tilskot til den enkelte samanslåing i 2017 er 5 mill. kroner. Det er også eit mål at så mange samanslåingar som mogleg skal få tilskot.

Kommunane Lindås, Radøy og Meland skal slå seg saman frå 01.01.2020. Kommunane har søkt om midlar til Sambandet Vest.

Kommunane Lindås, Radøy og Meland mottok 2 mill. kroner i tilskot i 2016. Departementet tildeler 3 mill. kroner i tilskot for 2017. Totalt er det tildelt 5 mill. kroner i tilskot for 2016 og 2017.

Tilskotet må bukast til tiltak omtalt i søknaden. Kommunane kan sjølv prioritere midlane innanfor tiltaka som er omtalt i søknaden.

Tiltaket må vere ferdig innan 01.01.2020, og kommunane må rapportere til departementet om bruken av midlane innan 31.12.2020. Kommunerevisjonen må då stadfeste at midlane er brukt til føremålet. All finansiell rapportering skal vere ekskl. meirverdiavgift. Ubrukte midlar, eller midlar som ikkje er brukt i samsvar med føremålet, kan krevjast tilbakebetalt.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandler
Postboks 8112 Dep	Akersg. 59	22 24 90 90		Jørgen Teslo
0032 Oslo		Org no.		22 24 72 60
postmottak@kmd.dep.no	www.kmd.dep.no	972 417 858		

Departementet vil betale ut tilskotet til Meland kommune i september 2017 saman med rammetilskotet.

Med helsing

Hans Petter Friestad Gravdahl (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

BDO AS

## Adresseliste

Lindås kommune	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
	Kvernhusmyrane 20		
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER